



DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

20/50-18

10. mars 2021

Statsbudsjettet 2021 - kap 553, post 65 Omstilling - oppdrag Pilot Statens hus

Innleiing

Vi viser til brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) datert 17. desember 2020. Dette brevet omfatta oppdrag under programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk. Under omtalen av kap. 553, post 65 blei det gjort greie for pilot Statens hus. Dette brevet gjer nærare greie for løyvinga til pilot Statens hus og korleis midlane skal nyttast.

Ramma

Stortinget har løyvd 16 mill kroner til pilotordninga og bestemt at pilotordninga skal vare inntil fire år, jf. handsaminga av Prop. 1 S (2020–2021) Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Pilotane er etablert i kommunane Narvik, Orkland, Stad og Lyngdal. Ramma til fylkeskommunane Nordland, Trøndelag, Vestland og Agder er auka med totalt 16,0 mill kroner i 2021, og kvar fylkeskommune får såleis 4 mill kroner kvar. Løyvinga er ei eingongsløyving, og skal finansiere pilotordninga for heile perioden.

Løyvinga skal fordelast frå fylkeskommunane til kommunane, slik:

- Agder fylkeskommune til Lyngdal kommune: 4 mill. kr
- Vestland fylkeskommune til Stad kommune: 4 mill. kr
- Trøndelag fylkeskommune til Orkland kommune: 4 mill. kr
- Nordland fylkeskommune til Narvik kommune: 4 mill. kr

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Regionalpolitisk
avdeling

Saksbehandlar
Ole Magnus Aurdal
22 24 70 22

Vi ber om at fylkeskommunen legg til rette for at kommunen skal forvalte midlane og vere prosjektansvarleg. Dette inneber mellom anna å informere kommunen om kva krav som gjeld for bruken av midlane, rapportering, evaluering og kontroll.

Nærare om løyvinga

Målet med løyvinga er å medverke til å styrkje samarbeidet og eventuelt samlokalisere mindre verksemder av statlege etatar i same bo- og arbeidsmarknadsregion. Pilotane skal teste ut forsterka samhandling mellom etatane innanfor område som til dømes rekruttering, IKT, utnytting av kompetanse på tvers av sektorar og felles samhandling med kommunar og fylkeskommunar. Føremålet er å styrkje det samla faglege, offentlege kompetansemiljøet i regionen.

Kommunen er ansvarleg for å lage ein forprosjektrapport om pilotordninga. Denne skal godkjennast av KMD. KMD vil informere fylkeskommunen og kommunen når rapporten er godkjent. Fylkeskommunen kan deretter utbetale midlane til kommunen etter avtale mellom fylkeskommunen og kommunen.

Departementet har tildelt midlane til fylkeskommunen som ei eingongsløyving utan krav om tilbakebetaling frå fylkeskommunen, og midlane kan disponerast uavhengig av året dei er løyvd.

Vilkår for bruk av midlane

Dei fire kommunane skal forvalte tildelinga i tråd med godkjent forprosjektrapport om innretninga på pilotordninga, inkludert mål, budsjett, forutsetningar, organisering og plan for aktivitetane. Vi gjer merksam på at midlane ikkje kan dekkje løn til dei statlege og fylkeskommunale tilsette som deltek i piloten. Løn til prosjektleiar kan dekkjast innanfor ramma av løyvinga.

Rapportering, evaluering og kontroll

Rapportering

Kommunen skal rapportere slik det kjem fram i rapporteringskrav i departementet sin elektroniske forvaltningsportal, regionalforvaltning.no. Fylkeskommunen skal rettleie i bruken av regionalforvaltning.no.

Vi ber om at kommunane lagar ein kort sluttrapport og prosjektrekneskap satt opp etter same oppstilling som budsjettet når pilotordninga er avslutta. Prosjektrekneskapen skal vere signert av økonomiansvarleg/regnskapssjef i kommunen eller ansvarleg kommunal etat.

Evaluering

KMD har ansvaret for ei følgjevaluering av piloten. Følgjeevalueringa vil bli gjennomført av Oxford Research AS. Vi legg til grunn at både fylkeskommunane og kommunane deler erfaringar med evaluator.

KMD vil saman med evaluator gjennomføre jamnlege samlingar for pilotane for å dele og følgje opp utvikling, resultat og kunnskap. Pilotane skal delta i desse.

Kontroll

Departementet kan føre kontroll med at midlane er nytta etter forutsetningane som er fastsett ved Stortinget si handsaming og spesifisert i dette brevet, jf. Bevilgningsreglementet § 10. Riksrevisjonen har tilsvarende kontrolladgang, jf. lov om Riksrevisjonen av 7. mai 2004 § 12. Kommunen må gje dei opplysningane og den dokumentasjon som er naudsynt for å gjennomføre kontrollen.

KMD kan be om ytterlegare forklaring og dokumentasjon dersom departementet meiner det er naudsynt for å kunne slå fast at midlane er nytta i tråd med målet for pilotordninga. Midlar som ikkje er nytta etter målet når pilotordninga er ferdig, kan fylkeskommunen krevje tilbakebetalt frå kommunen.

Vi ønskjer lukke til med arbeidet!

Med helsing

Anne Karin Hamre (e.f.)
Ekspedisjonssjef

Ole Magnus Aurdal
fagdirektør

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Riksrevisjonen

Adresseliste

Agder fylkeskommune	Postboks 788 Stoa	4809	ARENDAL
Lyngdal kommune	Postboks 353	4577	LYNGDAL
Narvik kommune	Postboks 64	8512	NARVIK
Nordland fylkeskommune	Fylkeshuset	8048	BODØ
Orkland kommune	Postboks 83	7301	ORKANGER
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Trøndelag fylkeskommune	Postboks 2560	7735	STEINKJER
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN